



SOGN OG FJORDANE
FONDET

Årsrapport 2023.

Generelt om Sogn og Fjordane Fondet

Selskapet vart skipa den 9.januar 2017, med Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS som skiparar.

Aksjekapitalen er på NOK 240.000,-, medan total aksjeinnskot er på NOK 6.000.000,-.

Fondet si overordna målsetjing er å stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og grunderar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.



**Virtual
House**TM

<http://www.virtualhouse.no/>

Grunderane Jon Olav og Gjermund

Føremålet til selskapet er eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forskning, næringsliv og grunderar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane.

Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Fondet sin investeringsstrategi


Investeringar vil bli gjort i tidleg fase, dvs preså Korn. Målgruppe for investeringane er oppstartsbedrifter/ idear. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Det vil bli investert i tidlegfasebedrifter med høg risiko og høg potensiell avkastning/ verdiauke.

Selskapet sitt krav til avkastning på investert kapital er 5% p.a.

Tett samarbeid med andre regionale innovasjonsselskap og investeringsmiljø.

Drive aktiv selskapsoppfølging gjennom innovasjonsprogram (inkubator).



Grunderen Kristoffer Engebø



eduplaytion

<https://www.numetrygame.com>



SOGN OG FJORDANE FONDET

Kapitaltilgang og kapitalutviding

Sogn og Fjordane Fondet vart etablert med ein eigenkapital på 6.mill. Etter 7 års drift ser vi no at vi har behov for å fylle opp fondet i størrelsesorden 3 – 7 mill. Dette vil vi gjere ved ein retta emisjon mot dagens eigarar. Samstundes vil vi hausten 2024, sjå på moglegheitene for å selje oss ut av nokre selskap, og slik frigjere ytterligere kapital – kapital som vi vil reinvestere i nye oppstartsselskap.



Grunder Heidi Aabrekk <https://www.hiquidfood.com>

Aksjeportefølgjen

I meldingsåret 2023 har ein investert i 4 selskap:

- Pace Healthcare AS, 1.gongs investering
- Eduplaytion AS, 2. gongs investering
- Dialead AS, 2. gongs investering
- GreEnergy AS, 2. gongs investering

Fondet har etter dette følgjande aksjeportefølgje pr.31.12.2023 (nokre representert med bilde)

Portefølje	tot. Aksjar	Verdi selskap	Eigardel	Aksjar SFF	Kurs 30.06.23	Kostpris	Verdi 30.06.23
Aquadriil AS	32 000	6 400 000	4,69 %	1 500	200,00	300 000	300 000
Dialead AS	1 293	15 211 765	5,18 %	67	11 764,71	500 000	788 235
Eduplaytion AS	1 184 278	69 872 402	1,01 %	11 970	59,00	499 981	706 230
GreEnergy Recycling AS	11 480	12 398 400	3,30 %	379	1 080,00	409 320	409 320
Hiquid Food AS	11 794	13 445 514	4,46 %	526	1 140,03	299 820	599 656
Keelspot AS	4 351 349	19 319 990	2,07 %	90 090	4,44	400 000	400 000
MHI/Norse Feedback AS	163 554	99 113 724	0,58 %	950	606,00	499 880	575 700
Moovin AS	185 810	31 030 270	1,61 %	3 000	167,00	399 990	501 000
Pace Healthcare AS	85 023	6 291 702	4,76 %	4 050	74,00	299 700	299 700
Turing AS	105 000	10 500 000	3,81 %	4 000	100,00	200 000	400 000
Virtualhouse AS	4 434	19 107 215	7,53 %	334	4 309,25	498 059	1 439 290
WFTM AS (Wattif Solutions AS) *	316 590	9 542 023	3,16 %	9 990	30,14	301 099	301 099
Ytir AS	56 800	11 360 000	2,64 %	1 500	200,00	300 000	300 000
Sum		421 684 307				4 907 864	8 231 062



SOGN OG FJORDANE FONDET

* = WFTM AS eig 33,4% av aksjane i Wattif EV AS (inndirekte eigarskap i Wattif EV)

Wattif EV AS verdi	550 000 000	33,40 %	WFTM AS sin andel	183 700 000
Sogn og Fj. Fondet	eig	3,16 %	av WFTM AS	5 804 920



<https://www.wattifev.com>

Organisasjon og økonomi

- **Administrasjon**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane er forvaltar av fondet, og har adm. av dette.

Tilsette i Kunnskapsparken vurderer kvart einskild investeringscase i saman med dagleg leiar. I tillegg leiger vi inn ekstern konsulent ved høve. Kjetil Kvåle er dagleg leiar for fondet.

- **Styret**

Fondet har i meldingsåret hatt 7 møter og handsama 26 saker, og har hatt følgjande styresamansetjing:

Vidar Grønnevik	– styreleiar
Ingri Martine Fonn Macsik	- styremedlem
Kathrin Jakobsen	– styremedlem
Thomas Berge	- styremedlem

- **Økonomi**

Rekneskapet for 2023 viser eit underskot på kr.124.084,-, som vert dekkja av opptent eigenkapital.

Fondet har pr.31.12.23 bokført investeringar i aksjer på kr.4.606.758,- og obligasjonar på kr.999.995,-.

Selskapet sin eigenkapital pr.31.12.2023 er på 6.661.521,-.

Leiinga meiner at det framlagde rekneskapen gir eit rett bilde av drifta i 2023 og selskapet si økonomiske stilling pr 31.12.2023.

Sogndal, 6.juni 2024

Kjetil Kvåle

